
Fra: Bjørn Rune Kvinge <post@brkvinge.no>
Sendt: torsdag 12. desember 2019 10:08
Til: Madeleine Fonnes Aase
Kopi: 'Hans Henrik Fanebust'
Emne: SV: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar
Vedlegg: A20-01 PLAN 1. ETASJE.pdf; A20-01 PLAN 1. ETASJE - M_PARKERING.pdf; A10-03 SITUASJONSPLAN_.pdf

Hei

Har lagt ved

- «PLAN 1. ETASJE» frå opphavleg søknad om bruksendring, her er areala satt til lage. Etasjen har vært brukt som lager for gjødsel og kraftfor. I dag står areala tomme.
- «PLAN 1. ETASJE M/ PARKERING» teikna 6 parkeringsplassar.
- «SITUASJONSPLAN» teikna 5 parkeringsplassar ute.

Det er i bygget 5 leilegheiter. I kommuneplanen er det i pkt. 2.7.2 sett krav til parkeringsplassar for bygg med 5 eller fleire bueiningar til 1,5 parkeringsplass for kvar eining. Kravet for dette bygget er då slik eg ser det 8 parkeringsplassar. No er det teikn inn 11 plassar.

Det er litt ulike bruk av namn på etasje her. Eg har teke utgangspunkt i tidlegare teikningar der bygget er teikna med 1. til 3. etasje. Derfor står det 1. Etasje på teikning på det du skriv som kjellar. 1. Etasje (kjellar) er oppført med betong vegger og tett betong dekke utan trapperom eller anna gjennomføring. Den er i dag ikkje i bruk. (står tom)
Håpar du kan gjera eit vedtak kjapt no.

Bh
Bjørn Rune

Fra: Madeleine Fonnes Aase <Madeleine.Fonnes.Aase@radoy.kommune.no>
Sendt: onsdag 11. desember 2019 10.24
Til: post@brkvinge.no
Emne: SV: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar

Hei.

Visar til mottatt situasjonsplan. Det er ikkje tilstrekkeleg at det står kor mange parkeringar det skal vere. Parkeringsplassane må teiknast inn.

I tillegg må det inn planteikning av kjellaretasje som visar tilkomst og parkering.

Kva er bruken av kjellaretasjen i dag? (Bruken før parkering)

Høyrer frå deg.

Med helsing

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar/Jurist byggesak

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 56

E-post: madeleine.fonnes.aase@radoy.kommune.no



Fra: Bjørn Rune Kvinge [<mailto:post@brkvinge.no>]
Sendt: mandag 9. desember 2019 08:50
Til: Postmottak Radøy
Kopi: Madeleine Fonnes Aase
Emne: SV: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar

Hei

Viser til e-post under og telefonsamtalar med Madeleine Fonnes Aase.

Vedlagt oppdatert «Situasjonsplan Vedlegg D3»

Arealet for parkering inne og ute er i dag regulert til «Bustad/industri/forretning» Om det ikkje kan etablerast parkering innafor dette formålet søkast det bruksendring for parkering inne i underetasjen og ut som vist i vedlegg D3.

Underetasjen er bygga med betong veggjar og tett betong dekke mot etasjen over.

Helsing

Bjørn Rune Kvinge

Fra: Silje Aileen Hjortland Haukedal <silje.haukedal@radoy.kommune.no>
Sendt: torsdag 4. juli 2019 15.49
Til: post@brkvinge.no
Kopi: Katrine Bjordal Midttun <katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no>
Emne: SV: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar

Hei,

Bygningsstyresmakta visar til e-post av 27.06.2019. Kommunen ser positivt på ei løysing med parkering som vist i vedlagt skisse.

Vi gjør merksam på at avkjøring frå fylkesveg må avklarast ved vegvesenet og naudsynte løyver må gjevast.

Vidare må parkering visast i søknad om bruksendring, og bruksendring av areal i kjellar til parkering (dersom det ikkje har vore godkjent som parkeringsareal tidlegare) må handsamast i same sak.

Før kommunen kan handsama søknaden vidare må det ligg føre naudsynte løyver frå Statens vegvesen og oppdatert situasjonsplan.

Med helsing

Silje Haukedal

Konst. Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 82

E-post: silje.haukedal@radoy.kommune.no



Fra: Bjørn Rune Kvinge [<mailto:post@brkvinge.no>]
Sendt: torsdag 27. juni 2019 12:40
Til: Stian Marøy
Kopi: 'Hans Henrik Fanebust'
Emne: SV: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar

Hei

Gjeld parkering og avkjørsle

Viser til møte 30.04. der me gjekk gjennom saka og kommunen hadde forslag til to løysingar

1. Få endra reguleringsplanen og bygga om parkering slik at det tilfredsstiller vegvesenet sine krav til utkjørsel'
2. Søkja dispensasjon frå gjeldande plan og få godkjent avkjørsel frå Vegvesenet

Tiltakshavar har etter møte kome med eit alternativt forslag, parkering inni og nord for bygget og utkjørsel i enden på fylkesveien.

Underetasje i industribygget er i betong med betong dekke til etasjen over, vil tilfredsstille brannkrav. Her er plass til minst 6 parkeringsplassar
Dagens lagerplass på nordsida av bygget er ikkje i bruk til noko i dag og her er det plass til 6 parkeringsplassar.

Eigedomen er regulert til bustad/industri/forretning og parkering på dette arealet vil vel være i tråd med planen.

Kan dette være ei løysing kommunen kan godkjenne?


Vedlagt kart og skisse

Bh
Bjørn Rune Kvinge

Fra: Stian Marøy <Stian.Maroy@radoy.kommune.no>
Sendt: fredag 1. februar 2019 13.27
Til: post@brkvinge.no
Emne: SV: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar

Hei og beklagar at det går litt tid.

Saka har vore til uttale hos planavdelinga. Nå ligg den hos Statens vegvesen for stadfesting på kor dei vurderer avkjørsle til fylkesveg å vera (nede ved kaien eller i yttergrensa av reguleringsplanen). Sjå skisse under med raude sirklar rundt alternativa.



Mvh

Stian Marøy
Prosjektleder

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 51

E-post: stian.maroy@radoy.kommune.no



Fra: Bjørn Rune Kvinge [<mailto:post@brkvinge.no>]

Sendt: fredag 1. februar 2019 10:19

Til: Stian Marøy

Kopi: 'Hans Henrik Fanebust'

Emne: SV: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar

Hei Stian

Den 22.10.2018 fekk du ettersendt den dokumentasjon du her etterlyser. Korleis står saka no?
Tiltakshavar ventar på vedtak.

Helsing
Bjørn Rune Kvinge

Fra: Stian Marøy <Stian.Maroy@radoy.kommune.no>

Sendt: 12. oktober 2018 14:39

Til: post@brkvinge.no

Emne: Sak 17/2179 - gbnr 44/70 og 45/313 - bruksendring og altaner - mellombels svar

Hei

Eg har sett gjennom søknadsdokumenta og ser at det er nokre manglar:

- Det er ikkje sendt inn erklæring om ansvarsrett frå kontrollerande.
- Det er ikkje lagt inn dato for samsvarserklæringar i gjennomføringsplan. Tidlegare ordning med å senda samsvarserklæringar ved søknad blir ikkje lengre praktisert.
- Det må søkjast statens vegvesen om løyve til endra/utvida bruk av avkjørsle.
- Balkongar må målsetjast.

Mvh

Stian Marøy
Ingeniør byggjesak

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 56

E-post: stian.maroy@radoy.kommune.no

